



Bjerkreim kommune
Levekårsavdelinga
Legekantoret

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Vår saksbehandlar:	Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Dykkar dato:	Vår dato:
Knut Vassbø		J.p. 12/11716	FE-430	16.10.2012	19.12.2012
Telefon: 51 20 11 50		Sak 08/1005			
E-post: knut.vassbo@bjerkreim.kommune.no					

Høring om endringer i pasient- og brukarrettighetsloven og implementeringa av pasientrettighetsdirektivet

Bjerkreim kommune er **positiv til at det blir gjort endringar som styrker pasientrettane** i spesialisthelsetenesta. Dagens ordningar har medført mykje usikkerhet og byråkrati, og i mange tilfeller lang ventetid. Det er difor ønskeleg at pasienten får raskt og konkret svar på henvising, og det er positivt at retten til fritt sjukehusval skal styrkast og tydeleggjerast.

Det er etter vårt syn ønskeleg at ikkje berre lovverk, men også **organisering** av spesialisthelsetenesta blir vurdert mtp evne til å gi gode og raske tenester. Store einingar synest ofte å vera til hinder for effektiv og smidig drift, så både storleik / sentraliseringsgrad og etablering av diagnostiske sentra bør vurderast.

Vår erfaring er at det ofte er mindre byråkrati og enklare tilgang på elektive spesialiserte tenester utanfor sjukehusa, til dømes hos avtalespesialistar. Etter vårt syn vil det kunna styrka pasientane sine rettar om det blir lagt **større vekt på bruk av avtale-spesialistar og sikra ei jamnare geografisk fordeling** av desse spesialistane.

Det er ei gruppe pasientar som ofte opplever at ventetida i spesialisthelsetenesta gir uventa problem, og det er **dei pasientane der det er behov for spesialisert vurdering i smb med rett til førerkort** (evt andre typar attestar). Denne gruppa har gjerne ikkje helsemessig behov for prioritert vurdering, men på grunn av dei tidsfristane som Fylkesmannen setter, er det likevel behov for at dei får gjort ei rask vurdering. Vår erfaring er at spesialisthelsetenesta på sjukehus i liten grad er i stand til å oppfylle dei fristane som Fylkesmannen setter i slike tilfelle, og at slike oppgåver difor må løysast hos avtale-spesialistar. Det framstår imidlertid som eit paradoks at den statlege spesialisthelsetenesta ikkje makter å oppfylle dei fristane som statens representant i fylket setter. Dette temaet er for øvrig berørt i brev frå Helsedirektoratet til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag 29. juni 2012. Kor vidt temaet høyrer heime i lov, kan nok diskutertast, men det bør vurderast saman med øvrige pasientrettar. Det er heller ikkje sikkert at løysinga ligg i helsevesenet – det kan like gjerne vera at dette må "løysast" hos Fylkesmannen.

På vegne av Bjerkreim kommune

Knut Vassbø
kommunelege I